# Menighetsbladet

Seinhausten 2008 - 41. årgang Nr. 5



Bore

Orre

Klepp

Frøyland og Orstad

41. årgang Nr. 5 Seinhausten 2008 -

Menighetsbladet

Organ for Klepp Prestegjeld.
Kjem ut 6 gonger i året.

Redaksjonskomité:
Einar Egeland
Anne Håkonsholm
Ingrid Lotsberg Norås
Anne Marie Østevik (kontaktperson)

Framsidefoto: sxc.hu

Layout: Linda Aanestad

Trykk: Jærbladet

Postadresse:
Menighetsbladet
- Postboks 101
- 4358 Kleppe

- Telefon: 51 78 95 55
- e-post:
menighetsbladet@klepp-kirken.no

Bankgiro: 3290.07.02239

Neste nummer kjem ut ca 5. desember.

**STOFF MÅ LEVERAST INNAN 11.11!**

Surf innom
www.klepp.kirken.no
eller
www.klepp.kyrkja.no.

Der vil du finne mykje
nyttig informasjon.
Velkomen!

# KLEPP KYRKJELEGE FELLESRÅD

KLEPP KYRKJEKONTOR

| | |
|---|---|
| Besøksadresse: | Kleppvarden 2, 4352 Kleppe |
| Postadresse: | Postboks 101, 4358 Kleppe |
| Telefon: | 51 78 95 55 |
| Telefaks: | 51 78 95 50 |
| e-post: | kontor@klepp-kirken.no |

e-post Menighetsbladet: menighetsbladet@klepp-kirken.no
Heimeside: www.klepp.kyrkja.no

KONTORTIDER

| | |
|---|---|
| Måndag, tysdag og torsdag: | 08.30 - 14.30 |
| Onsdag: | 08.30 - 12.30 og 17.00 - 18.30 (etter avtale) |
| Fredag: | 08.30 - 12.30 |

Frøyland og Orstad kyrkjekontor:
Besøksadresse: Orstadvegen 2, 4356 Kvernaland
Postadresse: Postboks 43, 4356 Kvernaland
Telefon: 51 42 65 21
Telefaks: 51 42 65 26
Heimeside: www.minkirke.no/fok

Kontortider:
Tysdag og torsdag: 09.00-12.00

| | | |
|---|---|---|
| Bore kyrkje | 51 42 22 52 | |
| Soknerådet, Nikolai Homme | 51 42 00 77 | 900 53 744 |
| Frøyland og Orstad kyrkjelyd | | |
| Soknerådet, Asbjørn Ueland | 51 48 76 13 | 934 82 747 |
| Klepp kyrkje | 51 42 16 39 | |
| Soknerådet, Svein Olav Nesse | 51 42 34 86 | 920 22 874 |
| Orre kyrkje | 51 42 23 46 | |
| Soknerådet, Bjørn Borgen | 51 42 86 94 | 900 19 534 |

TELEFONLISTE ANSATTE:

| **Namn** | **Direktenummer** | **Privat** |
|---|---|---|
| Kyrkjeverge, Per Gaute Liland | 51 78 95 60 | 412 66 042 |
| Sekretær, Anne Marie R. Østevik | 51 78 95 59 | 902 00 503 |
| Sokneprest, Andreas Haarr | 51 78 95 51 | 51 42 38 41 |
| Sokneprest, Åsmund Steinnes | 51 78 95 52 | 402 01 978 |
| Sokneprest, Arnt Askildsen | | 51 66 97 33 |
| Prest, Jarle Minnesjord | 51 78 95 54 | 970 66 145 |
| Prest, Frode Helvig | | 986 03 405 |
| Kantor, Bodil Fagerheim (vikar) | 51 78 95 58 | 930 33 924 |
| Organist, Ove Byberg | 51 78 95 58 | 926 67 300 |
| Organist, Arne Hadland | 51 48 83 77 | |
| Musikalsk leiar, Hilde Svela | | 482 45 034 |
| Diakon Kjellaug Marie Steinskog | 51 78 95 56 | 917 08 036 |
| Kateket, Karsten Wilhelmsen Degnes | 51 78 95 53 | 450 48 726 |
| Menighetspedagog, Kjersti Olimb Salte | 51 78 95 57 | 478 70 004 |
| Menighetspedagog, Hildegunn Undheim | | 911 81 578 |
| Ungdomsarbeidar, Helen Hetland Mori | | 412 02 272 |
| Ungdomsarbeider, John Lende | | 917 14 048 |
| Kyrkjetenar, Ketil Arne Terning | 51 78 95 57 | 900 35 471 |
| Kyrkjetenar Bore, Morten Byberg | | 51 42 25 16 |
| Kyrkjetenar Orre, Marit Hetland | | 51 42 89 03 |
| Klokkar Bore, Terje Idsø | | 51 42 18 09 |
| Klokkar Orre, Bjørn Borgen | | 51 42 86 94 |
| Klokkar Orre, Knut Terje Noraberg | 51 11 18 38 | 928 38 378 |
| Dagleg leiar, Frøyland og Orstad : | | |
| Åsa Thorstvedt (vikar) | 51 42 65 21 | 915 70 690 |

# Minnegudsteneste



På kvelden Allehelgensdag inviterer vi til minnegudsteneste i Klepp kyrkje.
I denne gudstenesta vil vi minnast dei som har døydd eller blitt gravlagde i Klepp prestegjeld sidan november -07. Det skjer ved å lesa opp namna og tenna lys. Gudstenesta vil elles innehalda song og musikk, opplesing og andakt. Sjølv om vi minnest spesielt dei som har døydd det siste året, er alle hjarteleg velkomne til gudstenesta.

**Minnegudstenesta for Bore, Orre, Klepp, Frøyland og Orstad vert i Klepp kyrkje sundag den 2.nov. kl. 19.00. Musikk frå ca. kl. 18.30.**

Medverkande er prest og diakon, kantor, korgruppe, musikarar og sorggruppeleiarar.

**Alle er velkomne!**

## Kleppe bedehus HAUSTBASAR

Laurdag 18. okt. kl. 19.00

Andakt: Kjellaug Marie Steinskog
Song: Hege Edøy Salte

* Kveldstrekning m/ åresal
* Hovudtrekning
* Sal av kaffi, te, saft og mykje god mat



Gevinstar mottas med takk!

HJARTELEG VELKOMMEN!!

## 6-åringar på Kleppe

Velkomen til dåpsskule på Kleppe skule!

Oppstart 20. oktober.

Helsing Kjersti O. Salte, menighetspedagog.





# Kjære lesarar!

*Det er haust og me er inne i tida for planlegging og budsjettering. Mange nye og spanande utfordringar ligg framføre oss. Viktige saker som kyrkja må løysa i fellesskap og samarbeid med kommuneadministrasjonen, politikarar og andre.*

*Landsgjennomsnittet for kommuneoverføringar til kyrkja i 2007 låg på kr 436 pr. innbyggjar. Gjennomsnittet for Rogaland i 2007 var kr 496 pr. innbyggjar. I Klepp var kommuneoverføringa i 2006 på kr 348 pr. innbyggjar. Til samanlikning ligg Gjesdal kommune på kr 535, Hå på kr 445 og Time på kr 340 pr. innbyggjar. Time kommune fatta vedtak i 2006 om ei tydeleg opptrapping av generelt tilskot til kyrkja.*

*I eit møte i kommunestyret i 2005 vart det vedteke mål for opptrapping av overføringane til kyrkja. Det målet er nå forelda sidan Statistisk Sentralbyrå har gjennomført ei omgruppering av kommunane etter folketal og økonomiske rammevilkår. Premissane for vedtaket i kommunestyret er endra og difor bør målet justerast og vere uavhengig av kommunegrupper. Eit nytt mål kan vere at tilskotet pr. innbyggjar vert auka og trappa opp, slik at Klepp i løpet av dei neste par åra kjem opp på 100% av landsgjennomsnittet og deretter har eit mål å kome opp på 100% for gjennomsnittet i Rogaland. Klepp kyrkjelege fellesråd har difor bedt Klepp kommune om at tilskot til drift og investeringar til kyrkja vert auka og trappa opp.*

## Viktige saker for Klepp kyrkjelege fellesråd i perioden 2009-2012

**Ny stilling som ungdomsmedarbeidar, 50% stillingstorleik**
I dag klarer vi ikkje å følgje opp ungdommen med dei ressursane vi har. Ungdommane som vi kjem i kontakt med treng ein ungdomsmedarbeidar som mellom anna kan vere med å førebyggje, "prate med", skape openheit og sette sunne grenser. Det er viktig at det er ein av kvart kjønn. (I 2008/2009 er det 250 som skal konfirmerast i Bore, Frøyland og Orstad, Klepp og Orre).

**Ny stilling som diakon, 50% stillingstorleik**
Til å dekke opp ein kommune med over 16000 innbyggjarar og 4 sokn, har vi i dag ein diakon i 100% stilling. For å tilfredsstille behovet for diakonale tenester i kommunen, trengs det ein auke i denne stillinga. Det vart vedtatt ein ny plan for diakoni av Kyrkjemøtet i november 2007. For å kunne arbeide ut frå denne nye planen og dekkje det eksisterande behovet, trengst det meir diakonale ressursar.

**Frøyland og Orstad kyrkje**
Frøyland og Orstad sokn vil etter planen få kyrkje i 2008. Arbeidet med kyrkja og dugnadsinnsatsen har hittil vore framifrå. Dato for vigsling av kyrkja er sett til 14. desember 2008. Nytt for året er fellesrådet sine driftsutgifter til Frøyland og Orstad kyrkje. Dei fleste av stillingane der har tidlegare stort sett vore baserte på innsamla midlar og ikkje på tilskot frå Klepp og Time kommune. I tillegg til lønnsutgifter kjem også drifts- og vedlikehaldsutgifter til den nye kyrkja.

**Utviding av Bore kyrkje**
Bore kyrkje, slik ho er i dag, vart bygd og vigsla i 1891 då folketalet var 481 personar. Sidan den tid har kyrkja hatt ein sentral plass i tilveret til menneska i bygda. Arbeidet med å utvide kyrkja, som fleire sokneråd har vore meir eller mindre engasjerte i sidan 1980-talet, har til nå ikkje ført fram. Fellesrådet vil på nytt i komande budsjettperiode og økonomiplan, fremje behovet om utviding av kyrkja. I dag er folketalet i Bore sokn i underkant av 4000 personar. Med plass til snaue 200 menneske er kyrkja altfor lita ved fleire gudstenester, høgtidsdagar og gravferder. Ei utviding av kyrkja etter planen slik den nå er utarbeidd, vil føre til at omlag 270 personar får plass i kyrkja.

**Innkjøp av nytt orgel til Orre kyrkje**
Orgelet i Orre kyrkje er over 50 år gamalt, er svært ustabilt og av dårleg kvalitet. Orgelet kan kollapse når som helst. Det vart i 2006 oppretta ein "Orgelkomite" til å ta seg av arbeidet med å kjøpe orgel. Det er viktig at det vert løyvt pengar til dette prosjektet i denne budsjettperioden, slik at arbeidet med å få på plass nytt orgel kan ta til før det gamle orgelet kollapsar heilt.

**Lyd- og biletanlegg i Bore, Klepp og Orre kyrkje**
Lydanlegg er i dag installert i alle kyrkjene. I alle bygg/rom der tale, musikk, song og liknande er hovudinnhald i aktivitetane, er det å få lyden fram til alle det viktigaste. Det gjeld og for høyrselshemma. Dei lydanlegga som til nå har vore i bruk, har dekka behovet for å forsterka lyd i kyrkjeskipet. Lydanlegga i kyrkjene er enkle og gamle og dekker ikkje behova som er aktuelle i dag. Nokre av dei fungerer også dårleg. Dette, saman med behov for overføring av tale, song og bilete til andre rom som kan nyttast når kyrkja er fullsett, gjer at kyrkja ser det viktig at anlegga vert skifta ut slik at dei tilfredstiller desse behova. Med installasjon av

nye anlegg skal dette og dekke behovet for mindre songgrupper og instrumentalgrupper.

**Kyrkjelydssal i Orre kyrkje**
I Orre sokneråd vart det i møtet 28. august 2008 fatta fylgjande vedtak, sak 07/08:
Vedtak: ”*Soknerådet vedtar å søke kommunen om kr 500 000 for å utgreie konkrete planer for kyrkjelydssal i Orre. Vi søker i tillegg om kr 4 000 000 over to år for å byggje salen.*”

**Ny kyrkjetomt for ny kyrkje i Klepp**
Klepp kyrkje blei bygd i 1846 då folketalet var 963 personar. Kyrkja er verna og påbygging/ ombygging eller riving vil ikkje riksantikvaren kunne godkjenne. I dag er folketalet i soknet over 7000 personar og kyrkja er for lita ved fleire gudstenester, mange høgtidsdagar og dei fleste gravferder. Det er heller ikkje tilfredstillande rom for barnesamlingar, konfirmantarbeid og liknande. Kyrkja er i det heile ikkje tilpassa dei oppgåvene som er forventa av ein kyrkjelyd i dag. Komiteen for ny kyrkje i Klepp arbeider for tida med å sikre kyrkjetomt til ny kyrkje. Dette prosjektet vil bli tatt med i neste års forslag til investeringsbudsjett.

**Kyrkjegard, Frøyland og Orstad sokn**
Frøyland og Orstad sokn må neste år starte å planlegge for å få sett av tomt til ein kyrkjegard i nærleiken av kyrkja. Ein eigen kyrkjegard vil gje identitetskjensle og ein har alt nå fått spørsmål frå Frøyland-sida om ”kor dei skal gravleggjast i framtida”. Dette prosjektet vil bli tatt med i neste års forslag til investeringsbudsjett.

**Utvendig vedlikehald av kyrkjene i Bore, Klepp og Orre**
Utvendig reingjering og maling, vedlikehald av tak, utskifting av øydelagt skifer og utbetring av takrenner og takrøyr som lekk.

**Energistyring av alle kyrkjene i Klepp kommune**
Energistyring går kort sagt ut på å redusere bruken av energi. Alt straumforbruk til kyrkjene i Klepp kommune vil kunna styrast optimalt. Målet er å redusere straumutgiftene i kyrkjene like mykje som i skulane i Klepp. Med dette systemet oppnår ein i tillegg ein stor vinst ved at alle verdfulle måleri på altertavler, preikestolar, vegger og tak vert betre ivaretekne, ved at ein kan halde ein rett og kontrollert temperatur i skiftande ver og årstider.

## Prosjekt som Klepp kommune har ansvaret for

**Restaurering av Orre gamle kyrkje**
Restaurering av Orre gamle kyrkje er både av kyrkjeleg og kulturell interesse. Kyrkja, som er freda, er bygd i midten av 1200-talet og er det eldste bygget i Klepp kommune. Restaurering av kyrkja er nå starta opp og det er planlagt at restauringa skal gjerast over ein treårsperiode.

**Gjennoppbygging av gamal steingard og støttemur rundt kyrkjegarden til Orre gamle kyrkje**
Steingarden/støttemuren rundt kyrkjegarden til Orre gamle kyrkje er i svært dårleg stand. Steingarden held fram med å rase ut etter mange år med sandflukt. Riksantikvaren har ikkje merknader til at arbeidet med utbetring vert påbegynt og gjennomført under føresetnad av at den vert sett tilbake slik den ein gong var. Sidan dette er ein gamal gravplass, har arkeologisk museum sagt at dei må vere til stades når arbeidet med steingarden tek til og også under sjølve arbeidet.

**Parkeringsplass til Orre gamle kyrkje**
Parkeringsplassen er i dag på privat grunn. Mange besøkjande til kyrkja vegrar seg for å køyre inn i eit privat gardstun for å parkere. Det er også avgrensa plass. Før det er opparbeidd offentleg parkeringsplass, er det heller ikkje høve til å sette opp skilt langs vegen som viser ”Orre gamle kyrkje”. Parkeringsplassen må vere på plass når kyrkja er ferdig restaurert.

**Toalett til Orre gamle kyrkje**
Orre gamle kyrkje har ikkje installert toalett og dette må kome på plass til kyrkja er ferdig restaurert.

Eg håper at desse viktige sakene vil engasjere mange innbyggjarar i kommunen, både tittgjengde og mindre tittgjengde kyrkjebrukarar.

Eg sluttar av denne artikkelen med versa frå ein song som eg gjerne vil dele med dykk >>>



## Ikke en spurv til jorden

Ikke en spurv til jorden
uten at Gud det vet.
Ikke en sjel mot døden
uten hans kjærlighet!
Ikke en blomst er visnet,
ikke en tåre falt
uten at Gud vet om det,
han som er over alt.

Tro det når stormen
herjer bladløse
vintertrær!
Tro det når brenning
bryter over de nakne
skjær!
Tro det når ubeskyttet
midt i en kamp du står.
Tro det når helt alene du
med en smerte går.

Tro det når noe brister
uten å vokse frem.
Tro det når noen mister
det som var alt for dem!
Tro det når håp går
under uten å reise seg:
Ikke en spurv til jorden!
Det er et ord til deg.

*(Ingeborg Prytz Fougner)*

Eg vil ynskje dykk alle ein gild og fin haust – og Guds velsigning.

Beste helsing

**Per Gaute Liland**
kyrkjeverje

# Konfirmant Rafting



**Det var fantastisk! Vått, og litt kaldt etter hvert, men en opplevelse vi sent vil glemme.**



Å reise på konfirmant-weekend er for mange konfirmanter årets høydepunkt. Og akkurat derfor var Friluft- og KRIKkonfirmantene fra Klepp utrolig klare for at helga 12. – 14. september skulle nærme seg.

Vi reiste av gårde i privatbiler og minibusser og FOR en helg det skulle bli! Det ble teambygging, fjelltur, iskalde lavoer, bålkos og gitar, lovsang og forbønn. Lørdag kveld arrangerte vi lavo-ternemant der det var lavo mot lavo i seks aktiviteter. Høydepunktet på konkurransen var nok når alle i lavoen skulle raskest mulig inn i baksetet på en bil, rekorden ble 10 personer inn på 26 sekunder! Det er raskt, bare prøv selv!

Høydepunktet på søndag var definitivt raftinga! For Evje Raftingsenter er (ikke overraskende) mest kjent for raftingflåtene sine. Noen av konfirmantene var litt engstelige før start, men med litt overbevisning fra lederne ble de aller aller fleste med! Det var fantastisk! Vått, og litt kaldt etter hvert, men en opplevelse vi sent vil glemme. Det var vann overalt, og selv om noen få datt utti, var vi aldri i fare, for guidene der var meget gode og alle kom hele hjem igjen.

Dette var starten på et glimrende år, gled dere til resten!

Hilsen lederne, ved Karsten-kateket ("kateket" er yrket, noen trodde jeg het det!)











Lisa Hetland,
14 år, Klepp

# INTERVJU

**Hvorfor er du konfirmant i kirka?**
Eg komfe meg i kirka fordi eg er kristen, og det er den mest normale måten å komfirmere seg på. :)

**Hvordan syns du det var å være på konf.weekend og hvorfor?**
Eg syns det var utrolig kult å være på Evje. Det var LITT kaldt, men me overlevde. Det som var det kuleste må ha vert raftinga, eg er så glad for att eg tårte det.
Og så var det jo fjellturen som var en utrolig fin opplevelse og fin natur.
Og dei lekene me hadde felles va jo bare dødskule, alle saman me stort vinnerinnstinkt og humor på topp ;)

**Du er med i styret i Laget. Hvorfor bør folk komme på Laget?**
Folk bør komme på Laget for det er så utrolig kjekke folk som sitter i styret, nei da. Dei bør komme på Laget for det er gode talere og taler. Det er og veldig kule leker med stilige premier ;)
Folk lærer også mer om gud, og kan dermed bli bedre kristne.

**Har du noe mål med konfirmantåret ditt?**
ehm .. Eg vil jo bli bedre kristen og bli kjent med Jesus bedre.
Og så håper eg att eg treffer noen nye mennesker og får flere venner ;)

# MANNFOLKTREFF
MANNFOLKTREFF



Mannfolktreff blei starta vinteren 2008 med tanke på å ha eit tilbud bare for mannfolk. Ingrediensene skulle vera underholdning, mat og selvfølgelig åndelig føde i skjønn forening. Det ser ut som me har lykkas med dei ingrediensane, for folk har kost seg med underholdninga, maten og det åndelege, og møtt til neste samling. Det he vore tri samlingar i vinter med
ca. 20 frammøtte kvar gong.

Januar starta med Jarle Braut som tok oss med til Brasil, Peru og Påskeøya, me fekk sjå mange flotte bilde og høyra ei flott skildring fra turen. Må bare nemna maten denne kvelden. Det var bakt potet med bacon, mais og bearnaise, det smakte fortreffelig. Til slutt fikk vi et åndelig ord med på vegen heim, ein vellykka kveld.

I februar fekk me besøk av Torstein Aase som kunne fortelle om turer til Afrika der det blei jakta på ville dyr med både rifle og fotoapparat. Han hadde tatt med seg noen utstopte trofeer. Me fekk sjå bilder av vakker natur og mange flotte dyr, der var og noen stolte jegrer med flotte trofeer. Torstein har egen heimeside som er verd å ta en kikk på, www.kulturgalleriet-soma.com.

I april fekk me møta ein kjendis frå Jæren, som bruker tandemsykkel som sitt framkomstmiddel - altså Tore Nærland. Han fortalte om sine turar på sykkel frå heile kloden, og personar han hadde møtt. Me kan nemna Paven i 79, Javier Perez i 82, Elie Wiesel i 90 og Rigoberta Menchu i 04. Flotte bilder og mange gode historier, ein fin opplevelse for oss alle.

**FOR HØSTEN HAR ME SATT OPP FØLGJANDE DATOER:**

**30.10. og 27.11.**

**Klokkeslett for fremmøte er 20.00.**

**Så dokker som er menner - ta med ein kamerat eller ein nabo og kom, vi møtes i menighetssalen i Kleppe Kirke!**

# LAGET

**Litt om Laget**
Siden oppstart for tredje år på rad nå i høst, har Laget på Klepp Ungdomskole vært et sted hvor mange elever hver onsdag får høre om Jesus mens de spiser matpakken. Gjennom miniandakter og vitnesbyrd, bønn og "3 minutter med Gud" (alle legger seg ned og lytter til musikk eller lignende) blir flere ungdommer introdusert for personen Jesus, og det kristne miljøet på Klepp. I tillegg er det konkurranser, lek og moro, og alltid litt snacks.

## Endre Hovland, styreformann i Laget



**Hva liker du best med Laget?**
Eg lige godt legane, å premiane me får. Åså talane då. Hehe

**Hva synes du om oppmøtet på møtene?**
Det e veldig bra i år, eg trur me he våre 50 på det mesta.

**Hvilke forventninger har du til Laget dette året?**
At det blir kjekt, at me får lært noge og at det kjæme masse folk!

## >>> Erlend Tengesdal Sørensen

# OM EVJE TUREN OG KRIK

# intervju

Tekst: Karsten Degnes

### Hva syns du om **Evje-turen** og hvorfor?

Evje-turen var kongebra! Mange forskjellige og kjekke aktiviteter. Alle saman var i kjempehumør heile tida, alle hadde det kjekt, minimalt med skader og mange flotte ord om Jesus og kristendomen. Dette skaper ein vellykka tur!

### Hvorfor bør folk gå på KRIK?

KRIK er perfekt for dei som ikkje liker å sitte i ro i helgene og er interressert i å finne meir ut om Jesus! Her har me mykje latter og moro. Alle folke er gira heile tida og alle saman er med på å fyre opp stemninga når vi driver med dei forskjellige aktivitetene. Og det beste er midt i KRIK, då har me ein liten andakt. Under andakten tar me opp mange viktige og generelle emner, og så avslutter vi alltid med bønn for KRIK og dagen. Kom kom! :D

> "KRIK er perfekt for dei som ikkje liker å sitte i ro i helgene og er interressert i å finne meir ut om Jesus!

### Hva betyr Jesus for deg?

Jesus er han eg strekker meg etter, prøver så godt eg kan å leve etter hans eksempel. Han er alltid der for meg, når eg har det tøft og når eg har det heilt 'nice'. Når eg tok imot Jesus, då følte eg meg komplett. Han har fått orden på livet mitt ;) Jesus er bare konge!



May Helen Njærheim
Erlend Tengesdal Sørensen,
Eivor Sandvik

*Erlend Tengesdal Sørensen*

*18 år fra Klepp*

*Krik-leder*

# Konfcamp på Skj





**Hvert år blir det arrangert en kristen musikk festival på Risøya som heter Skjærgårds music & mission. Konfirmanter fra både Klepp og Gand menighet reiste ned med Daniels reiser for å delta på Skjærgårds eget konfirmant opplegg – KonfCamp. KonfCamp har bibeltimer og aktiviteter som er tilrettelagt for konfirmantene.**

Selvsagt hadde konfirmantene også mulighet til å delta på alle de andre aktivitetene rundt på øya. Aktiviteter som for eksempel bading, volleyball, konserter og kveldsmøter.

Konfirmantene var også med på Ta Sjansen – båtbygger konkurransen. I begynnelsen gikk byggingen tregt for seg, men de ble etter hvert motivert og resultatet ble to fine båter.

Gjennom hele uken hadde vi strålende vær, omtrent 30 grader hver dag. Naturligvis ble det masse bading, både ved øyas fine strand og ved berget.

# ærgårds



Helga kom og da var Hovedscenen på plass. Både på fredag og lørdagskveld holdt store band konserter til alles begeistring. Lørdagskveld ble avsluttet med nattverd. Forsamlingen gikk opp for å ta imot Jesu legeme og Jesu blod. Stearinlys var tent, og alle sang kjente lovsanger ledet av Rudi Myntevik. Det var en fin opplevelse.

På avreisedagen hadde vi ikke gleden av fint vær lenger, og regnet pøset ned. Verre var det når vi fant ut at bussen ble forsinka, et par, tre, fire timer. Men konfirmantene var veldig tålmodige, tross våte klær, sultne mager og en restuaranteier som ikke hadde gjestfrihet nok til å slippe et par – tre dusin våte konfirmanter inn, unaturligvis.

Barbro Salte.



# Heder og glede
# PÅ SAMLINGSFEST

**Søndag 24. august hadde vi vår årlige samlingsfest på Kleppe bedehus. Denne gangen var det mye mer enn ett nytt semester for alle grupper og aktiviteter som skulle markeres. Mange av oss hadde fått vite på forhånd at Arne Haugland skulle få Kongens fortjenestemedalje i sølv. De fleste utenom han selv! Kleppe søndagsskole og bedehusstyret hadde på forhånd stått på for å lage en flott fest. Salen var pynta, ordføreren var på plass og i kjølerommet var det mange fløtekaker.**

Programmet startet med god sang av Inger Husveg og forbønnshandling for Ingrid Johansen. Ingrid har ettåringstjeneste i UF ( Klepp kristelige Ungdomsforening) dette skoleåret. Ettåringstjenesten er i samarbeid med Bibelskolen i Grimstad hvor hun er elev ved linja: Til tjeneste. Vi er glade for at Ingrid har tatt på seg denne oppgaven og oppfordrer dere til å be for henne og ungdomsarbeidet.

Sokneprest i Bore Åsmund Steinnes talte og minnet oss om at vårt kall er å være disipler og å gjøre disipler. Vi skal ikke sette vår lit til det ytre, men åpne oss for Guds arbeid i vårt indre menneske.

Så gikk ordfører Elfinn Lea opp på podiet. Mange av oss smilte lurt, men Arne ante fortsatt ingen ting. Elfinn framførte sitt ærend. Arne Haugland skulle få Kongens fortjenestemedaje i sølv for lang og tro tjeneste i Søndagsskolen. Arne tok imot medaljen overrasket, beveget og glad til trampeklapp fra hele salen. Søndagsskolekonsulent i Rogaland Søndagsskolekrets Ingunn Fjermedal og leder i Kleppe søndagsskole Ingunn Hodne hadde hilsen og orienterte om bakgrunnen for medaljen. Arne Haugland har drevet søndagsskolearbeid i nærmere 40 år. Først på Gandal, så på Klepp Stasjon og til slutt i en årrekke på Klepp bedehus. Arne takket for medaljen og understreket at mange andre også hadde fortjent en slik.

Deretter var det duket for kaffe og kaker nede. Det var mange glade ansikter og praten gikk livlig.

Av Kjersti Olimb Salte

*Arne Haugland overrekkes Kongens fortjenestemedalje i sølv..*



*Forbønnshandling for Ingrid Johansen*



# HJØRNET

## Livet på Tomasgården

Så er eg tilbake igjen som diakon etter eit annleis år i skogane på austlandet. Nærare bestemt på retreatsenteret Tomasgården som ligg aust for Halden, heilt på grensa til Sverige. Det er så mange som spør meg kva eg gjorde i fjor. Derfor vil eg skrive litt om det i dette hjørnet.
På Tomasgården hadde eg, saman med to andre faste husfolk, ansvaret for drifta av senteret. Det betyr mange og varierte oppgåver. Slik som å ta imot påmelding, sende ut velkomstbrev, setje opp meny, innkjøp av mat, av og til kjøkkenteneste, vedlikehald av hage og bygningar, skrive infobrev osv…..til det å ta imot gjester, leia retreat med samtale og kapellsamlingar. Så spør heller kva eg ikkje gjorde…
Formålet med alt vi gjorde var å leggje til rette for at gjestene kunne trekkje seg tilbake og ha nokre stille dagar. At dei for ei tid fekk høve til å kople av frå gjeremål, krav og støy i kvardagen. Og kvar dag var det gudsteneste og bønnesamlingar i kapellet, fordjuping og meditasjon over ei Jesus-forteljing, bibelsamtale osv. Og gjestene brukte den flotte naturen, syklane og kanoane til gode turar. Slik vart det både avkopling og tilkopling.

Eg får òg ofte spørsmålet; *Har du hatt eit godt år*?
Ja, eg hadde eit godt år. Eg lærte mykje om retreat. Mine dagar var ikkje stille. Men det var rikt å vere vitne til Guds nærver i stilla. Å merke at gjester fekk ro og rom til å ta alle sansar i bruk og vere lyttande til Gud og til seg sjølv og sin eigen lengt. Det var gripande å få innblikk i kva Gud på nokre får dagar kan gjere i eit menneske sitt liv.
Eg opplevde at mange lengtar etter det Jesus innbyr oss til i Mark 6 *"Kom med meg til ein aud stad der vi kan vera åleine, og kvil dykk litt".* Og at dette møtet med Jesus vart ei kjelde til nytt mot for kvardagslivet.

Vi som var husfolk prøvde å bevare roen og arbeide med kvilepuls. Vi levde i bønnerytmen med faste daglege samlingar i kapellet. Og på fritida, borte frå det kjente nettverket mitt, fekk eg òg rikeleg ro og rom til sjølv å respondere på ordet i Mark.6. Det opplevdes nok både som ei *utfordring* og som ei *gåve.*

Men nå er det godt å vere heime igjen og treffe igjen gamle kjente, og få nye kontaktar. Og eg tenkjer at slik som me lever i rytmen av innpust og utpust, så treng me *alltid* å leve livet vårt i rytme av arbeid og kvile, av å gi og å få.

Kjellaug Marie Steinskog
Diakon

# Gudstenester

## KLEPP KYRKJE

(Alle gudstenester startar kl. 11.00 der anna ikkje er oppført)

**19.10.** Gudsteneste med dåp. Andreas Haarr. Bodil Fagerheim. Offer til menighetsarbeidet.

**26.10.** Gudsteneste. Skriftemål. Andreas Haarr. Arne Hadland. Offer til menighetsarbeidet.

**02.11.** Kleppe bedehus kl. 10.30. Nattverd. Andreas Haarr. Ove Byberg. Offer til søndagsskulen.

**02.11.** Minnegudsteneste kl. 19.00. Åsmund Steinnes. Bodil Fagerheim.

**09.11.** Gudsteneste med dåp. Utdeling av 4-års bok. Jarle Minnesjord. Bodil Fagerheim. Offer til Normisjon.

**16.11.** Gudsteneste. Nattverd. Andreas Haarr. Bodil Fagerheim. Offer til menighetsarbeidet.

**23.11.** Gudsteneste. Nattverd. Åsmund Steinnes. Arne Hadland. Offer til menighetsarbeidet.

**30.11.** Familiegudsteneste med dåp. Utdeling av 4-års bok. Speidarane blir med. Andreas Haarr. Bodil Fagerheim. Offer til KFUK/KFUM.

STRESSLEZZ KL 18.00

**07.12.** Gudsteneste. Nattverd. Andreas Haarr. Bodil Fagerheim. Offer til menighetsarbeidet.

**14.12.** Julekonsert kl. 19.00.

## BORE KYRKJE

(Alle gudstenester startar kl. 11.00 der anna ikkje er oppført)

**19.10.** Kulturkvelds kl. 19.00. Gausel Gospelkor.

**26.10.** Gudsteneste. Nattverd. Åsmund Steinnes. Ove Byberg. Offer til "Åpne Dører" – Egypt.

**02.11.** Gudsteneste med dåp. Åsmund Steinnes. Tale av Aksel Valen Sendstad. Bodil Fagerheim. Offer til menighetsarbeidet.

**09.11.** G2. Nattverd. Ungdomskoret HÅP deltar. Åsmund Steinnes. Ove Byberg. Offer til ungdomskoret HÅP.

**16.11.** Kulturkvelds kl. 19.00. Skodespelar Svein Harry Schöttker og kantor Kåre Steinnes gjer oss ei oppleving av Jobs liv og lagnad.

**23.11.** Gudsteneste med dåp. Andreas Haarr. Ove Byberg. Offer til menighetsarbeidet.

**30.11.** Familiegudsteneste med dåp. Bønnevandring. Åsmund Steinnes. Ove Byberg. Offer til NMS – misjonsprosjekt Presteskulen i Meiganga, Kamerun. Bowling etter gudstenesta.

**07.12.** Gudsteneste. Nattverd. Utdeling av 4-års bok. Åsmund Steinnes. Ove Byberg. Offer til menighetsarbeidet.

## ORRE KYRKJE

(Alle gudstenester startar kl. 11.00 der anna ikkje er oppført)

**19.10.** Familiegudsteneste med dåp. Høsttakkefest. Alle 4-åringar er velkomne til å få 4 års bok. Jarle Minnesjord. Arne Hadland. Søndagsskulen syng. Offer til Bondekvinnelagets prosjekt.

**02.11.** Gudsteneste. Jarle Minnesjord. Arne Hadland. Offer til Institutt for sjelesorg.

**16.11.** Gudsteneste med nattverd. Jarle Minnesjord. Arne Hadland. Offer til menighetsarbeidet.

**30.11.** Familiegudsteneste med dåp. Myldremesse. Jarle Minnesjord. Arne Hadland. Offer til søndagsskulen i Orre.

**14.12.** Gudsteneste med dåp. Åsmund Steinnes. Arne Hadland.

## KYRKJESKYSS



**Klepp Kyrkje:**
Ring Pauline Braut
tlf. 51 42 52 03

**Orre Kyrkje:**
Ring Astrid Voll
tlf. 51 42 87 49

**Frøyland - Orstad kyrkjelyd:**
Ring kontoret:
tlf. 51 42 65 21

# TEKSTANE

*23. s. e. pinse, 19.10.:*
*Matt 18,15-20; Esek 33,7-11; Ef 4,30-32*

*Bots- og bededag, 26.10.:*
*Luk 13,23-30; Jes 55,6-7; Gal 6,7-10*

*Allehelgensdag, 02.11.:*
** T Åp 21,1-7; Jes 60,18-22; Matt 5,13-16*

*26. s. e. pinse, 09.11.:*
*Luk 17,20-30; Am 4,6-8.12-13; 1 Tess 5,1-5*

*27. s. e. pinse, 16.11.:*
*Matt 13,31-33; Sal 98; 1 Kor 15,24-28*

*Siste søndag i kirkeåret, 23.11.:*
*Matt 25,1-13; Jes 51,11-15; Åp 22,12-17*

*1. søndag i advent, 30.11.:*
** Jes 62,10-12 Rom 13,11-14; Matt 21,1-9*

*2. søndag i advent, 07.12.:*
*Luk 21,25-33 Mal 3,17-4,2a; Rom 15,4-7*

*3. søndag i advent, 14.12.:*
*Matt 11,2-10 Jes 35,3-10; 1 Kor 4,1-5*

*4. søndag i advent, 21.12.:*
*Joh 1,19-27 Jes 52,7-10; Fil 4,4-7*

## FRØYLAND OG ORSTAD

**19.10.** kl. 10.30.
"Må vi regne med lidelser?"
Offer til Misjonsprosjektet Beit Eliahu menighet i Haifa.

**26.10.** kl. 10.30.
"Utfordringer for livet."
Offer til kyrkjelyden.

**09.11.** kl. 10.30.
Dei forfulgte kristnes søndag.
Tale av Per Åge Berge.
Offer til Åpne dører.

**16.11.** kl. 10.30.
"Fullfør løpet!"
Offer til nytt kyrkjebygg.
(Konfirmant-weekend)

**23.11.** kl. 10.30.
Storsamling med vekt på de minste barna. Utdeling av 4-års bok.
Offer til kyrkjelyden.

**14.12.** kl. 10.30.
Vigsling av Frøyland og Orstad nye kyrkje. Offer til nytt kyrkjebygg.

## KLEPP STASJON

(Alle gudstenester startar kl. 11.00 der anna ikkje er oppført)

**19.10.** Temaserie 4: Timoteus;
"Mitt liv, en tilbedelse". Frode Helvig.
Bibel til 4-åringar. Dåpsskulen deltar.
Kraftgjengen; Bornas gudsteneste.

**02.11.** Temaserie 5: Timoteus;
"Fullfør løpet i Guds kraft".
Sølve Salte.
Nattverd. Kraftgjengen; Bornas gudsteneste.

**16.11.** Tema: "Tienden – Guds mulighet til å velsigne". Frode Helvig.
Kraftgjengen; Bornas gudsteneste.

**30.11.** Tema: "Lys i mørke!
Bønnebussen som bringer lys".
Einar Fevang.
Nattverd. Kraftgjengen; Bornas gudsteneste.

**07.12.** (Flytta fra 14. des.)
Tema: "Rydd en veg for Herren".
Sølve Salte.
Kraftgjengen; Bornas gudsteneste.

**14.12.** kl. 10.30 i Frøyland og Orstad nye kyrkje. Vigsling av Frøyland og Orstad nye kyrkje.
Offer til nytt kyrkjebygg.



# Orre Julekor for vaksne!

Nå er det tid til å syngja litt igjen. Me ønsker å lage eit prosjekt-kor som skal vere med å syngje på gudstenesta 1. juledag i Orre kyrkje.

Me synest det er "forgale" at det er så få folk som kjem i kyrkja denne dagen. Dette prøver me å gjera noko med. Rundt om i verda er det nett-opp 1. juledag som er den sto-re festdagen! Me vil koma ilag 4 gonger og kosa oss med nye og gamle julesongar. Så har me ein matpause midt i.



Me samlast kl. 20.00 i Orre kyrkje desse fredagane:

- Fredag 31. oktober
- Fredag 21. november
- Fredag 05. desember
- Fredag 19. desember

Så opptrer me på gudstenes-ten 25. desember og 1. juledag kl. 11.00

Unge og gamle, alle velkomne!

Håper mange vil vera med!!!

# Julemesse

## KLEPPE BEDEHUS

### -14. og 15. november

Fred. 14.11.
kl. 19.00. Åpningsmøte. Tale ved Klaus Muff. Sang av Misjonskoret. Varesalg, grønnsaksalg, åresalg, kafeteria m.m.

Lørd. 15.11.
kl. 10.00. Salget starter, kafeteria åpner, salg av risengrøt og pølser.
kl. 11.00. Andakt ved Hein Steinskog. Sang av Misjonskoret.
kl. 13.30. Familiemøte. Andakt ved Lars Sigurd Tjelle. Sang og musikk.



Hovedtrekning med mange fine gevinster.

Julemessa er en god anledning til å kjøpe julegaver, julebakst, håndarbeid, tresløyd, gravpynt, grønnsaker, brukte sykler og mange andre ting.

